



Etter premieren i 2005 er dramatiseringa av Knut Hamsuns "Markens Grøde" snart spelt hundre gonger i låvebygningar frå nord til sør, frå aust til vest. Juni Dahr og Gard B. Eidsvold grip oss med Hamsun-klo, nakent og sterkt gjennom scenografi som er tilpassa låven som teatersal. "Herregud" - Isak sa ikke slikt uten å mene det...



TEKST OG FOTO: MATHIAS ØVSTENG

Hamsuns roman i låvedramaturgi: "Markens Grøde"

Vi er i låven på Olavsrosetaden Valbjør Gard i Vågå, og forstår fort at det nettopp er på ein slik arena "Markens Grøde" høyrer heime. Publikum blir nærmast trollbundne av det basale og kompromisslause jordstrevet, av den vakre og sterke kjærleikshistoria i dramatiseringa av romanen frå 1917, som Knut Hamsun fekk Nobels litteraturpris for i 1920. Gjennom gliitrande skodespel og sterkt kroppsspråk byr Juni Dahr og Gard B. Eidsvold fram strevet, gleden, tragedien og alle kjensler elles i nybyggjardramaet til alle som er benka langs låvegolviet – nærmare 600 personar i tre framsyningar.

Dette er teater på eigne premisser. Nært og sterkt kryp nybrottsmannen Isak Sellanrå og Inger med hareskåret inn til publikum – gjennom slitet, gjennom det første av alt som vart skaffa til Sellanrå – kua, hesten, oksen, kalven og grisen, nymotens innretningar som slåmaskin eller komfyr, og ikkje minst stueklokka, som faktisk tar grep sjølv i Isak – han som elles er "som en kubbe med armer".

Vi blir delaktige i barn som kjem på rekkje og rad – og i barnemord. Etter åtte år på tukthus kjem Inger heim. Ikkje berre er hareskåret operert bort: "Inger hadde fått et annet syn". Ho er fylt av vankelmodig religiøsitet, ho har skaffa symaskin, ho er utru mot Isak – og ho tilstår. Isak er Isak – som på sin måte svarar slik: "Det er vel ingen som er som de skal"... Om "Isak er tykk av stumhet", er han stor – på nybrottsvis. Han er "enkel i hodet" – og kanskje nettopp derfor er han i stand til å skrelle alt ned til beinet og klengje seg til det fundamentalt nødvendige og praktiske for å overleva, både fysisk og mentalt. "Det er jorda vi lever for – vi lever av jord" er budskapet frå nybrottsmannen på Sellanrå. Inger som for mange år sia kom gjennom skogen og møtte jordstrevaren på Sellanrå, får bli – i trua på framtid og kjærleik, i tillit som vinn over feilskjer.

Symbolikken er like enkel som den er sterk: Små gummistøvlar representerer barna, plankar og pallar er bygningane som reiser seg, dombjøllene symboliserer

hesten, kubjelle og saubjelle har sin funksjon – og vassausa materialiserer oksen. Slikt kan det bli komikk av – men det blir tvert imot sterkt teater, med god humring blant publikum akkurat der det skal humrast. Her er humor, men altså ingen komikk.

Meisterleg regi, meisterleg scenografi på låvegolviet – og gliitrande prestasjonar av dei to på Sellanrå – eller var det på låven? Inger syr – og Isak "kjører og slår gress, lykkelige mennesker på Sellanrå" – "her vokser alt – dyr, mennesker, grøde".

"Flekken han sådde på, var i midten av alt". Vi hadde nesten kjensla av å vera der vi også, da vi nesten motvillig forlet låven etter endt framsyning. Påminninga om at materiell velstand ikkje er synonymt med det gode liv, at arbeid og gjensidig tillit i raus innpakning er viktige verdiar også i dag, stod klart for oss. Låven på Valbjør hadde fått ein ny dimensjon denne sein augustkvelden – midt i markens grøde...